



Arne Garborg


– gravferd og hauglegging

Arne Garborg døde 14. januar 1924.

Arne Garborg døde 14. januar 1924. Han var en av våre største forfattere og en av våre mest populære forfattere. Han var en av våre mest populære forfattere og en av våre mest populære forfattere. Han var en av våre mest populære forfattere og en av våre mest populære forfattere.



Arne Garborg døde 14. januar 1924. Han var en av våre største forfattere og en av våre mest populære forfattere. Han var en av våre mest populære forfattere og en av våre mest populære forfattere.



«National mindehøtid»

Arne Garborg døde 14. januar 1924. Han var en av våre største forfattere og en av våre mest populære forfattere. Han var en av våre mest populære forfattere og en av våre mest populære forfattere.

Faksimile fra Jærbladet mandag 7. juni 2010.

Hulda Ga

● BREV TIL JÆRBLADET
TOR OBRESTAD, STAVANGER

7. juni stod det to store fine slag om Arne og Hulda Garborg

EG STUSSA PÅ EI SAK. Sigbjørn Reime skriv «ateist Hulda» og fokuserer på ei motsetning mellom henne og presten, Ivar Mortensson Egnund.

Til det siste først: Det er mer rimeleg at ho kjende seg raus av Regjering og kyrkja nett og Ho og Tuften hadde jo vorte same om i detalj korleis dei skulle gjera gravferda, og så styresmaktene og forlangar heilt anna, og skyv prest Ivar framfor seg. Det er jo skjeran ironisk, Arne Garborg var jo beiskaste kyrkje kritikaren man hadde på den tida, han stod gjeleg heller ikkje i statskyrkja. Og så kjem nett den same kyrkja og insisterer på kyrkjelege rime. Ikkje rart at Hulda var idle, ho oppfatta med rette at det var hån mot mannens minne, og henne sjølv.

Ivar Mortensson var ein god venn. Ho hadde kjent han lenge enn ho hadde kjent Garborg. Ho skreiv to vakre dikt til han, eitt då han fylte 70, og eitt då han døde.

MEN «ATEIST»? Kor har Reime det frå? Tvert om skriv ho i eitt dikt, «Kven er du?» frå diktsamlinga Kornmoe (1930): «Gud, kven er du? Gud, kvi gøymer du ditt andlet,

Krig mot

● BREV TIL JÆRBLADET
SKJALG HAALAND, FIGGJO

Tidvis vert eg konfrontert med at avvisinnlegg bare er av den negative arten. «He de aldri rime positivt å seia».

JAU, DENNE GONGJEN ER det er keleg det positiva som skal fram og det er dei to som oppmoder krig mot kråkene, Erik Astad den meir profilerte ordføreren. Hå, Terje Mjåtveit.

«Men kvifor så smålatne du

Reime tek feil om Garborg

● BREV TIL JÆRBLADET
ROLF ERIK SOLHEIM,
ARVIKA I SVERIGE

Over heile fire sider i Jærbladet 7. juni tek Sigbjørn Reime oss med på gravferd og haugsetjing av Arne Garborg, eit utdrag frå ei bok han skriv. Og det var stemningsfylt på Knudaheio for 85 år sidan for dei som ikkje allereie har lese det i Hulda sine dagbøker. For det er Hulda si eiga forteljing det mest handlar om.

MEN SÅ KJEM REIME og vinklar Hulda og Arne sitt livssyn på ein slik måte at ein får lyst å spørja Reime slik Hulda gjer om Ivar Mortensson: «Hadde Ivar so lite greie på Garborg? Hadde han ikkje lese bøkene hans dei siste 10-20 åri?»

Og Reime kallar Hulda ateist? Kor i all verda kjem det ifrå, Sigbjørn Reime? Og det er mest ikkje til å tru at ein Arne Garborg-kjennar kan skriva slikt som dette: «At han heile livet var oppteken av tvil og tru veit me».

FAKTA ER DETTE: Frå 1895 finst det korkje tvil eller tru hos Arne Garborg i religiøs og kristeleg mening. Dette kom minst sagt tydeleg fram i artikkelen i Jær-

bladet 18.4.2007 der Tor Lie gjer greie for si doktoravhandling ved Lunds Universitet «Symptombærer og symptomløser. Arne Garborgs vei til et varig livssyn (1851-1894). En psykologisk studie».

Med andre ord; i dei siste 30 åra hadde Arne Garborg eit fast livssyn som han aldri gjekk tilbake på. Dette kan du nå lesa om på www.garborg.no i Tor Obrestad si skisse til utstillinga for Garborgsenteret. I kapitlet «Vegen til Jesus Messias» viser han tydeleg korleis Garborg si omvendning til sjølv livet skjedde i 1894-5 og korleis han seinare tok heilt avstand frå den kyrkjelege religionen. Og melde seg ut av statskyrkja.

DETTE VAR KORKJE ateisme eller kristendom, men ein universell spiritualitet i slekt med anskuinga til Leo Tolstoy og Mahatma Gandhi. Alt han seinare skreiv er farga av denne «omvendinga til livet». Programerklæringa finst i «Troen på Livet» og straks etterpå kom den store eksplosjonen «Haugtussa». Her kastar han seg ut i fritt løp og (gjennom den synske Veslemøy) opplever at alt i naturen har liv.

Den burtkomne Faderen og Jesus Messias set eit slags punktum for livssyn-prosessen. Han

formulerte seg slik i dagboka 23.2.1907:

«I Den burtkomne Faderen og Jesus Messias hev eg gjort det eg kunde til aa jamne Veg for Folk av mitt Slag, jamne Veg, so dei kann finne fortare, og dermed vel lenger fram enn eg kunde vinne. Eg skynar meir og meir, at eg her hev gjort det eg kunde gjera; og daa min Veg laag her, so maa eg og tru at eg hev gjort det eg skulde gjera... eg er glad for at eg fekk liva so lengi at eg kom so vidt «til Ro»; fekk sjaa utyvi Tilvære mitt i Samanheng. Som Live var lagt til Rettes for meg, so var det dette religiøse eg fysts og fremst maatte klara».

PÅ 300 SIDER i dagbøkene fortel han om sin «Jesus-Messias-prosessen», korleis han konsoliderer dette livssynet i dei siste 20 åra, noko som også eg har skriva om i boka «Livet - og andre forunderlige ting» som kom ut i fjor.

I artiklane dine kunne det vorte gjort greie for kvifor Tufte og Hulda vart så opprørte av at presten Ivar M tok innersvingen på dei med kyrkjeleg gravferd. Med bakgrunn i heile dei 30-åra som ikkje-tvilar og kvass motstandar til det Arne nokre stader kallar «heidning-kyrkja», hadde det vore noko å ta med i boka.